

Norsk språkhistorie

<http://nsh.novus.no/>

Brev 6 til medarbeidarane, mars 2014

Stoda no – og framdrifta

I vinter har vi hatt ein periode med intenst arbeid på første bindet (MØNSTER). Første versjon av manuskripta var til fagfellar i sommar og haust, og forfattarane har gått igjennom tekstane att på nytt. Vi fekk sendt inn ein søknad til Forskringsrådet i februar om publiseringsstøtte, og til den fristen måtte svært mykje vere mest mogleg ferdig. I fasen no framover til bindet går til trykking, blir det ein del redaksjonelt arbeid, og forfattarane blir involvert i å utvikle ei definisjonsliste, som skal stå til slutt i bindet. Lanseringsdatoen for NSH I er 1. september i år.

Både NSH II (PRAKSISER) og III (IDEOLOGIAR) har innlevering av fullstendige manus i slutten av april, og så startar fagfelle-runden der. Publiseringa av desse binda blir i juni 2015. NSH IV (TIDSLINJER) skal ha manusseminar no i mars månad og får tilsvarende innleveringsfrist til hausten. Planen er å gi det bindet ut 1. november i 2015. Altså: Framdrifta ser lovande ut. Det har vore småe forseinkingar, men dei har vi teke inn att nokså bra.

Kommentarar frå fagfellar

Manuskripta våre skal kvalitetssikrast så godt vi kan. Derfor kommenterer vi kvarandre på manus-seminara, og derfor sender vi dei endelege manusa til fagfellar når dei er levert i endeleg form frå forfattarane. Vi legg vekt på at fagfellane er forskarar som har arbeidd innanfor den aktuelle disiplinen. For å sikre oss mot «habilitetsproblem», prøver vi å unngå at fagfellane er nære kollegaar med forfattarane, og fagfellane får høve til å vere anonyme. Bindredaktøren avgjer i denne saka, og redaksjonssekretæren administrerer.

Erfaringane så langt er svært gode. Det kan vere nyttig at fagfellane kjem inn med eit litt anna perspektiv og les ein tekst med anna utgangspunkt. Ved fleire høve har det komme gode idéar til omorganiseringar i teksten, det har komme forslag til andre referanselitteratur, og det blir peikt på feil som andre har oversett. Bindredaktøren og redaksjonssekretæren les òg ekstra grundig gjennom manusa i denne fasen og kommenterer. Til saman kan det bli ein del merknadar for dei fleste forfattarane.

Eit spørsmål dukkar gjerne opp: Kor mykje av det fagfellen foreslår endra, skal ein følge opp? Dei fleste fagfellane har gode idéar til andre og fleire tema. Her har bindredaktøren eit ord med i laget, for redaksjonen har ansvaret for rammene som er lagt for artiklane, og bindredaktøren kjenner sjølvsagt resten av verket og kva som står der, betre enn fagfellen. Redaktøren hjelper derfor til med å sortere tilbakemeldingane.

Forkortingar og retningslinjer

Ikkje alle av oss er så engasjert i forkortingar, om dei skal ha punktum og/eller mellomrom osv. Men når vi sit som redaktørar og skal prøve å gi dei fire binda eit visst samlande preg, ser vi at det kan gjerast ein del med desse bagatellane. Vi laga derfor tidleg retningslinjer for skrivearbeidet, og no har vi oppdatert dei med ein del nye detaljar som vi har oppdaga måtte på plass i samband med første bindet. De finn dei på heimesida åt NSH: <http://nsh.novus.no/>. Der står ein del nye forkortingar, og der går det f.eks. fram kvar det skal vere punktum. Grammatiske opplysningar til ord skal ha ei fast rekkjefølgje, osv. Ikkje alt er så åndfullt, men vi ber forfatarane sjekke retningslinjene og følge dei opp for å spare redaksjonen for ein del arbeid.

Referanser

I og med at det ikke finnes flust med vitenskapelige oversikter over hele den norske språkhistorien fra før, kan det være krevende å finne gode referanser til slikt som er allmenn kunnskap hos oss som driver med språkhistorie. Da er det ofte fristende å ty til det som finnes av oversikter i form av innføringsbøker/lærebøker for grunnivå når vi skal ha en referanse. Men i og med at vi tar mål av oss å bli et vitenskapelig referanseverk, er det viktig at vi legger vekt på å bruke primærkilder og henviser til enten data eller vitenskapelige artikler og bøker om det emnet vi skriver om.

Definisjoner og stikkord

Alle forfatterne skal bidra til en definisjonsliste som skal stå bakerst i hvert bind. Her er det ingen ting i veien for at de som skriver i bind II, III og IV, ser på definisjonene som blir brukt i bind I, men det er ikke sikkert at det er de samme begrepene som trengs å bli definert i hvert bind, derfor blir de fire listene uavhengige av hverandre. I tillegg skal forfatterne komme med forslag til ord som skal være med i stikkordsregisteret, og alle vil måtte korrigere «sine» stikkord etter at forlaget har bearbeidet dem elektronisk.

Frieksemplar

Alle forfatterne i NSH får ett eksemplar av det bindet de skriver i. I tillegg får alle rabatt på hele verket: 40 % avslag for de av oss som bor nær nok til å hente bøkene i forlaget i Oslo, og 30 % avslag for de av oss som må ha bøkene sendt i posten. Denne rabatten gjelder egentlig alle bøker utgitt på Novus forlag!

Teljekantane

På siste redaksjonsmøtet vårt kom det brått opp eit problem: Forfattarane fortener jo publikasjonspoeng òg for innsatsen sin. Kor viktig dét er, skiftar nok frå institusjon til institusjon – og ikkje minst frå person til person. Men dette omsynet til teljekantsystemet gav oss nokre problem vi måtte finne ut av.

I teljekant-filosofien tenker ein i «artiklar», og kapittel blir synonymt med artikkel. Men somme av kapitla våre er jo så omfattande at dei nærmar seg bokstørrelse. Anten ein skriv aleine, eller det er fleire forfattarar til same kapitlet, kan det bli dårleg forhold mellom innsats og utteljing. Derfor måtte vi få ymse oppklart:

Det som krevst for at eit tekststykke skal kunne reknast som artikkel og dermed gi utteljing, er at det står eit forfattarnamn ved overskrifta. Dermed løyser vi dette slik at der det i våre kapittel skiftar til ny forfattar, set vi inn forfattarnamnet rett under første overskrifta der hans eller hennar tekst begynner. Dermed blir kapitla våre svært ofte rekna som ei samling fleire «artiklar» innanfor registreringssystemet – og staten «må ut med meir pengar». I tillegg blir alle forfattarane nemnt samla på framsida åt kvart kapittel.

Å markere alle forfatterskifta var ikkje det vi hadde tenkt frå først av – då såg vi for oss å nemne forfattarane berre fremst i kapitlet. Men når vi må leve med å ta fleire omsyn, blir dette ei godt brukande løysing.

Kryssreferansar

Redaktøren har ansvaret for kryssreferansane, både mellom kapitla i bindet og til kapittel i andre bind. Redaktøren har jo beste oversikta. Men der forfattarane veit det finst tekst ein annan stad i verket som det bør refererast til, er det godt om dei skriv inn eit stikkord om det til hjelp for redaktøren.

Vi må vere litt forsiktige med presisjonen i referansane til tekstar som enno ikkje er ferdige, og i dei tilfella må ein vise til berre kapittelnummer. Binda refererer vi til med forkorting og romartal.

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>